



Ørskog
Sparebank
- *tid til deg*

Delårsrapport 2. kvartal 2021



Ørskog Sparebank støtter Vestnes Seilforening med kr. 60.000,- til kjøp av følgebåt

Resultat

Aktivitetsnivå

Kapital og likviditet



- 1,365 mill betre resultat enn i fjor
- Vekst i provisjonsinntekter
- Stabil rentenetto



- Oppmjuukning av smittevernstiltak
- Auke i aktivitet
- 12 mnd. vekst i utlån 11,03 %
- 12 mnd. vekst i innskot 4,5 %



- God likviditetssituasjon. LCR på 186
- Rein kjernekapital 18,83 %
- Misleghald og tap på låge nivå

Delårsrapport 2. Kvartal 2021.

Ørskog Sparebank oppnådde eit resultat etter tap og skatt på 11,595 mill. kr. pr. 30.06.2021. Dette utgjer ein auke på 1,365 mill.kr. mot 30.06.2020. Kvartalet er prega av høg vekst i utlån og god salsutvikling. Rentenettoen er på 1,69 % og framleis prega av ei historisk låg pengemarknadsrente. Banken held att delar av tapsavsetninga knytt til Covid-19 situasjonen. Banken sine provisjonsinntekter aukar og den underliggende bankdrifta er solid. Banken sin balanse syner ei kjernekapitaldekning på 18,83 %.

Resultatrekneskapen

Kvartalsrekneskapen er sett opp i samsvar med reglane i rekneskapslova av 17. juli 1998 og forskrift om årsrekneskap i bankar m.v. og banken nyttar rekneskapsspråket IFRS.

Ørskog Sparebank har pr. 30.06.2021 eit resultat før skatt og tap på 16,239 mill. kr. Resultat før tap og skatt var pr. 30.06.2020 på 15,652 mill.

Resultat etter tap og skatt er pr. 30.06.2021 kr. 11,595 mill. samanlikna med kr. 10,230 mill. året før, noko som er ei betring på kr. 1,365 mill.

Etter at utbytte frå Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS er fastsett i generalforsamlinga og utbetalt i juni er aksjekursane justert, og den nye verdsettinga gir eit kurstop over utvida resultat.

Det utvida resultatet enda på kr. 9,414 mill. samanlikna med kr. 8,478 mill for tilsvarende periode i 2020.

Netto rente- og kreditprovisjonsinntekter

Netto rente og kreditprovisjonsinntekter vart 25,102 mill. kr. mot 24,404 mill. kr ved utgangen av 2. kvartal 2020. Dette utgjer 1,69 % av GFK, mot 1,72 % i fjer. Rentenettoen har svekka seg siste året grunna priskonkurranse mellom bankane spesielt på personkundemarknaden. Pengemarknadsrenta NIBOR har vore historisk låg i kvartalet, og det er no teikn til at Norges Bank vil heve styringsrenta utover hausten.

Netto provisjonsinntekter er 8,362 mill kr. mot 6,416 mill kr. pr. 30.06.2020. Banken har i første halvår hatt fokus på sal av skadeforsikringar, og har lukkast i å skape god porteføljevekst som bidreg til ein auke i provisjonsinntektene.

Inntekter frå betalingsformidling og provisjonsinntekter frå Eika Boligkreditt syner også ein positiv utvikling. Banken avlastar balansen og bruker difor Eika Kredittbank sine digitale kjøpsløysingar når kundar søker om

billån og usikra smålån. Portefølja med billån viser ein solid vekst.

Styret er nøgd med veksten i provisjonsinntekter som utviklar seg i samsvar med banken sin strategiplan.

Driftskostnader

Driftskostnadene aukar med kr. 0,592 mill. og utgjer kr. 19,861 mill. mot kr. 19,268 mill. i fjer. Målt i høve til GFK er kostnadene 1,34 % mot 1,38 % i fjer. Kostnader i % av totale inntekter (korrigert for verdiutvikling på verdipapir) utgjer 58,82 % pr. 30.06.2021 mot 60,16 % pr. 30.06.2020.

Ørskog Sparebank vedtok i desember 2020 at ein skal skifte IT system saman med dei andre bankane i Eika Gruppen. Skiftet er planlagt gjennomført i 2022/2023, men banken kostnadsfører løpende førebuande aktivitetar og prosjektkostnader til TietoEvry.

Banken arbeider kontinuerleg for å ta ned kostnader gjennom å auke effektiviteten på arbeidsprosessar. Mellom anna syner andelen digitalt signerte lån, og kjøp av spareavtalar som kundane sjølv har teikna ein auke i kvartalet. Dette frigjer tid til at banken kan jobbe meir proaktivt med oppfølging og rådgjeving til kundane.

Styret følgjer tett opp kostnadsutviklinga.

Tapskostnad

IFRS9 har medført eit strengare krav til å gjere tapsavsetnader før dei faktiske tapa faktisk kjem. Heile låneportefølja skal fordelast på 3 risikosteg, noko som gir ei føring for kor stor tapsavsetnader som banken må ta.

Samla tapskostnad pr. 30.06.2021 er kr. 1,552 mill. samanlikna med kr. 2,917 mill. i fjer. Dette utgjer 0,06 % av brutto utlån. Pr. 30.06 er usikkerheita knytt til dei økonomiske effektane av spreilinga av Covid-19 viruset mindre enn ved førre kvartalsrapport. Banken har i kvartalet

vurdert tapsavsetninga knytt til Covid-19 utbrotet, og vedtatt å halde att delar av denne avsetninga.

Utrullinga av vaksiner er no godt i gang i Noreg, men situasjonen er framleis vurdert som skjør. Lokale smitteutbrot rundt om i landet syner at ein ikkje skal undervurdere risikoene for at styresmaktene vil halde fram med inngripande tiltak som kan påverke økonomien negativt. Banken har låg eksponering i sektorar som reiseliv, restaurant og eventbransjen, som vart hardast råka av Covid-19 utbrotet.

Styret har vurdert samansetjinga av banken si utlånsportefølle grundig, og ein forventar at framtidige kreditttap – gitt dei føresetnadane som er lagde til grunn – vil bli moderate.

Balansen

Forvaltningskapitalen utgjer kr. 3,108 mill. mot 2.926 mill. kr. på same tidspunkt i fjar.

Utlån

Utlåna i banken sin balanse utgjer 2,631 mrd. kr og er ein auke på 163 mill. kr. sidan i fjar. Banken nyttar Eika Boligkreditt til å finansiere nye bustadlån. Inklusive desse låna, er samla auke i dei totale låna på kr. 338 mill. Dette utgjer ein auke på 11,03 % samanlikna med fjaråret. Totale utlån er no på kr. 3,353 mill. om ein inkluderer bustadlån som er plassert i Eika Boligkreditt.

Banken har hatt ein vedvarande høg vekst, særleg frå personkundemarknaden. Veksten kjem i all hovudsak frå banken sin geografisk definerte hovudmarknad, og er dels ein effekt av etableringa av rådgjevingskontoret på Moa. Marknadsposisjonen er sterkt og mange av dei nye kundane kjem på referansar frå eksisterande kundar som er nøgd med servicenivå og tenestetilbod.

Grunna smittervernstiltak og lokale føresegner var det redusert aktivitet på bustadmarknaden tidleg i kvartalet, medan utviklinga har skutt fart inn mot slutten av kvartalet. Prisane har vore stabile i perioden, og aktiviteten i bustad- og nybyggingsmarknaden står fram som stabile.

Styret er nøgd med utlånsveksten, som utviklar seg i samsvar med banken sine budsjett.

Misleghald og tapsutsett portefølle

Dei misleghaldne engasjementa utgjorde 9,907 mill. kr. tilsvarande 0,37 % av brutto utlån. Tilsvarande tal pr. 30.06.2020 var kr. 9,5 mill.

tilsvarande 0,4 % av brutto utlån. Det låge rentenivået er ein viktig årsak til den låge andelen av misleghald, saman med tett oppfølging frå banken sine rådgjevarar. Banken er sikra med pant i fast eigedom og ser ikkje noko fare for vesentlege tap knytt til dei engasjementa som er misleghaldne.

Tapsutsette, ikkje misleghaldne engasjement utgjer kr. 24 mill. ved kvartalsskiftet, mot kr. 12,1 mill. pr. 30.06.2020. Endringa skuldast ny misleghaldsdefinisjon som banken tok til å nytte ved årsskiftet, sjå note 2. Det er no ei strengare tolking av kva som definerer eit tapsutsett engasjement i høve IFRS reglane. Etter styret si vurdering er kredittkvaliteten på banken sine kundar jamt over god, noko låge restansar på lån er eit uttrykk for.

Innskot

Banken sine innskot har auka med kr. 93,4 mill. siste 12 mnd., og utgjer no kr. 2,169 mill. Dette er ein auke på 4,5 %. Innskotsdekninga er på 82,4 % pr. 30.06.2021 mot 84,1 % pr. 30.06.2020. Det låge rentenivået har gitt stor auke i fondssparing, men også minka forbruk som følgje av reiserestriksjonar.

Verdipapir

Banken si portefølle av aksjar, eigenkapitalbevis og fondsandalar utgjer kr. 63,1 mill. Banken si obligasjonsportefølle utgjer kr. 266,7 mill. Netto verdiendring og vinst på verdipapir er på kr. -100 mill. pr. 30.06.2021. Dette er ein reduksjon på 762 mill. kr. samanlikna med 30.06.2020.

Verdsettinga av aksjane i Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt gir eit kurstap som blir ført på utvida resultat/andre inntekter og kostnader sidan banken nyttar verdettingsprinsippet «verkeleg verdi over utvida resultat» på aksjane. Kurstapet nullar ut utbytteinntekta som blir inntektsført over ordinært resultat.

Finansiering

Banken har obligasjonslån på til saman 300 mill. kr. Vidare har banken lån i Kreditforeininga for sparebankar (Kfs) på til saman 200 mill kr.

Størsteparten av desse har 1–3 års løpetid. Låna har kvartalsvis renteregulering knytt til 3 mnd. Nibor, og ein jamn forfallsstruktur. Banken har i tillegg ein oppgjerskreditt på 150 mill. kr i DNB som nyleg er fornøya. Ved kvartalsskiftet hadde banken innskot på kontoen på 43 mill. kr. Banken har også innskot hos Noregs bank på 71,3 mill kr.

Banken innløyste i april 2021 F-lån på 30 mill kr. og har erstatta dette med eit ordinært obligasjonslån.

Eigenkapital og avkastning

Banken sin ansvarlege kapital er kr. 349 mill. Kapitaldekkninga er på 21,2 % pr. 30.06.2021 mot 22,17 % pr. 30.06.2020. Banken sin reine kjernekapital er på kr. 309 mill. noko som gir ei kjernekapitaldekning er ved utgangen av perioden på 18,83 % mot 20,14 % i fjor. Utrekninga er eksklusiv resultat for rekneskapsåret hittil.

Konsolidert rein kjernekapital for eigarføretak i samarbeidande gruppe er utrekna til 17,46 % Konsolidert ansvarleg kapital for eigarføretak i samarbeidande gruppe er utrekna til 20,09 %.

Eigenkapitalavkastinga etter skatt er på 5,57 % mot 6,46 % pr. 30.06.2020.

Risikovurdering

Kreditrisiko og likviditetsrisiko er dei mest vesentlege risikoområda for Ørskog Sparebank.

Kreditrisiko

Sum restanse og overtrekk innanfor personkundemarknaden har minka i kvartalet, og er på eit lågt nivå. Styret har gått gjennom misleghaldne engasjement og vurdert dei individuelle og gruppevise nedskrivningane. Banken sine lån til næringslivet utgjer 21,8 % av samla utlån på eigen balanse. Både landbruk, personlege selskap m.m. er inkludert i denne andelen. Størsteparten av låneporteføljen er sikra med pantesikkerheit i fast eigedom. Likevel vil det vere ein viss risiko knytt til effektane av marknadsmessige svingingar, arbeidsløyse, skilsmiss, konkurs eller dårlig betalingsvilje.

Styret er nøgd med det låge totalvolumet av misleghaldne lån. Styret vurderer kreditrisikoen i banken til å vere klart innanfor dei grenseverdiane ein har sett i dei interne styringsmåla og kreditpolicyen.

Likviditetsrisiko

Banken si utlånsportefølje har ei relativt lang restløpetid, medan innskot frå kundar kan takast ut utan oppseiing. Dette tilhøvet inneber ein likviditetsrisiko. Finansieringsgraden (forholdet

mellom innskot og utlån) er på 82,45 % pr. 30.06.2021 mot 84,13 % pr. 30.06.2020. Styret vurderer likviditetsrisikoen til å vere låg, men følger framleis tiltaka banken har iverksett for å betre innskotsdekning nøyne. Nye utlån til personkundemarknaden blir i all hovudsak finansiert ved å nyte bustadkredittselskapet Eika Boligkreditt AS.

Utviklinga så langt og utsiktene for resten av året

I kjølvatnet av Covid-19 utbrotet ser ein no oppdemma etterspurnad blant befolkninga, og utfordringar med leveransar og auka prisar på tilbodssida. Ein ser vidare teikn til auka inflasjon og signal om eit høgare rentenivå som vil kunne dempe investeringslysta. At kundane investerer, forbruker, og bytter bustad og bilar er viktig for banken sitt aktivitetsnivå. Trass i varsel om auka rentenivå er framleis rentene på eit lågt historisk nivå som gjer at vi trur på eit fortsett god marknad å drive vår verksemد i.

Banken har i kvartalet halde stengte dører for kundar fram til midten av juni månad. Perioden har vore ei nyttig test av bankens system og organisering i ei krevjande tid med smitteutbrot og pålegg om heimekontor frå styresmaktene. Banken har sett fokus på å sikre kundane ein trygg økonomi, samstundes som banken har jobba med effektivisering og digitalisering av tenester. Rådgjevinga har i stor grad gått føre seg via telefon og digitale kanalar, utan at det er registrert negative hendingar eller svekka sørvisgrad.

Gjennom kvartalet har usikkerheita knyta til utlånsvekst og tapsvurderingar minka. Totalt for året ventar styret at tapskostnadane vil bli noko mindre enn førre år, men at rentenettoen ikkje vil styrke seg særleg mykje frå noverande nivå. Banken ventar normal aktivitet basert på etterspurnad etter lån frå nye kundar, og at den solide veksten i provisjonsinntekter vil halde fram.

Totalt sett ventar difor styret at resultatet for 2021 vil bli noko betre enn 2020. Med banken sin solide eigenkapital og ein strategi om å vere ein nær og tilgjengeleg lokalbank, venter styret at banken vil kunne oppretthalde ein god marknadsposisjon både i 2021 og framover.

Stadfesting frå ansvarlege personar.

Styret og banksjef har den 12.08.2021 handsama og godkjent delårsrekneskapen for 2. kvartal for Ørskog Sparebank per 30.06.2021. Etter styret og dagleg leiar sin beste overtyding, er delårsrekneskapen for 2. kvartal 2021 utarbeidd i samsvar med gjeldande rekneskapstandardar. Vi meiner at opplysningane i rekneskapen gjev eit rett bilet av banken sine eigendelar, gjeld og finansielle stilling og resultat som heilskap per 30.06.2021.

Etter styret og dagleg leiar si beste overtyding gjev delårsrekneskapen for 2. kvartal ein rettvisande oversikt over viktige hendingar i rekneskapsperioden. Etter vår beste overtyding gjev også delårsrapporten ei beskriving av dei mest sentrale risikofaktorane banken står ovanfor i neste rekneskapsperiode.

Ørskog, 12.08.2021


Torstein L. Stavseng
Styreleiar


Arne Jan Sollied
Nestleiar


Ingegjerd Eidsvik
Styremedlem


Siw Pek
Tilsette sin repr.


Ingunn Fladmark
Styremedlem


Hans Fr. Furstrand
Styremedlem


Eirik Kavli
Banksjef

Resultatregnskap

Resultat	Note	2. kvartal isolert		2. kvartal	2. kvartal	Året
		2021	2020	30.6.21	30.6.20	31.12.20
Ordinært resultat - Tall i tusen kroner						
Renteinntekter fra eiendeler vurdert til amortisert kost		17.420	18.264	34.294	41.909	76.794
Renteinntekter fra øvrige eiendeler		542	878	1.053	2.005	2.906
Rentekostnader og lignende kostnader		5.083	8.191	10.245	19.511	29.536
Netto rente- og kreditprovisjonsinntekter		12.879	10.951	25.102	24.404	50.164
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktjenester		4.877	3.849	9.515	8.054	18.472
Provisjonskostnader og kostnader ved banktjenester		411	386	1.153	720	2.194
Utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrumenter		2.250	2.203	2.435	2.228	2.906
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrumenter	Note 8	-36	1.043	-100	662	230
Andre driftsinntekter		72	143	301	293	591
Netto andre driftsinntekter		6.752	6.852	10.998	10.516	20.004
Lønn og andre personalkostnader		3.774	2.962	9.395	8.780	19.227
Andre driftskostnader		4.816	4.228	9.529	9.641	22.825
Avskrivninger og nedskrivninger på varige og immaterielle eiendeler		459	424	936	848	1.704
Sum driftskostnader		9.049	7.614	19.861	19.268	43.756
Resultat før tap		10.582	10.189	16.239	15.652	26.413
Kredittap på utlån, garantier og rentebærende verdipapirer	Note 7	-87	-1.424	1.552	2.917	3.309
Resultat før skatt		10.669	11.612	14.688	12.735	23.104
Skattekostnad		2.082	2.349	3.092	2.505	4.677
Resultat av ordinær drift etter skatt		8.587	9.264	11.595	10.230	18.427
<i>Utvidet resultat - Tall i tusen kroner</i>						
Verdiendring egenkapitalinstrument til virkelig verdi over utvidet resultat	Note 8			-2.181	-1.752	1.990
Sum poster som ikke vil bli klassifert over resultatet		-2.644	-2.447	-2.181	-1.752	1.990
Totalresultat		5.943	6.817	9.414	8.478	20.417

Balanseoppstilling

Balanse - Eiendeler	Note	30.6.21	30.6.20	31.12.20
<i>Tall i tusen kroner</i>				
Kontanter og kontantekvivalenter		3.984	7.636	4.310
Utlån til og fordringer på kreditinstitusjoner og fordringer på sentralbanker		124.516	145.728	134.144
Utlån til og fordringer på kunder til amortisert kost	Note 6	2.626.118	2.458.020	2.538.079
Rentebærende verdipapirer	Note 8	266.724	220.400	221.328
Finansielle derivater		4	90	31
Aksjer, andeler og andre egenkapitalinstrumenter	Note 8	63.154	72.218	75.361
Varige driftsmiddler		12.951	12.611	11.694
Andre eiendeler		10.613	6.777	9.860
Anleggsmidler og avhendingsgrupper holdt for salg		0	3.000	0
Sum eiendeler		3.108.065	2.926.479	2.994.807
Balanse - Gjeld og egenkapital		30.6.21	30.6.20	31.12.20
<i>Tall i tusen kroner</i>				
Innlån fra kreditinstitusjoner		224.570	180.709	254.732
Innskudd fra kunder		2.169.850	2.076.363	2.090.536
Gjeld stiftet ved utstedelse av verdipapirer	Note 9	300.454	300.856	250.523
Finansielle derivater		283	320	318
Annен gjeld		19.626	7.813	12.975
Pensjonsforpliktelser		2.938	2.591	2.938
Forpliktelser ved skatt		2.782	2.716	6.496
Andre avsetninger		2.044	133	185
Ansvarlig lånekapital	Note 9	40.079	30.193	40.079
Sum gjeld		2.762.626	2.601.694	2.658.782
Opprettet egenkapital		333.844	314.555	336.025
Periodens resultat etter skatt		11.595	10.230	0
Sum egenkapital		345.439	324.785	336.025
Sum gjeld og egenkapital		3.108.065	2.926.479	2.994.807

EIGENKAPITALOPPSTILLING

<i>Tall i tusen kroner</i>	<u>Opptjent egenkapital</u>		
	Sparebankens fond	Fond for urealiserte gevinster	Sum egenkapital
Egenkapital 31.12.2020	326.542	9.483	336.025
Resultat etter skatt	11.595		11.595
Verdiendring tilgjengelig for salg		-2.181	-2.181
Totalresultat 30.06.2021	11.595	-2.181	9.414
Egenkapital 30.06.2021	338.137	7.302	345.439
Egenkapital 31.12.2019	310.820	0	310.820
Overgang til IFRS	-2.005	7.493	5.488
Egenkapital 01.01.2020	308.815	7.493	316.308
Resultat etter skatt	10.230		10.230
Totalresultat 30.06.2020	10.230	0	10.230
Andre egenkapitaltransaksjoner		-1.753	-1.753
Egenkapital 30.06.2020	319.045	5.740	324.785

NØKKELTAL

	2. kvartal	2. kvartal	Året
	2021	2020	2020
Nøkkeltall er annualisert der annet ikke er spesifisert			
Resultat			
Kostnader i % av totale inntekter (eskl. VP)	58,82 %	60,16 %	65,28 %
Andre inntekter i % av totale inntekter (eskl. VP)	25,66 %	23,81 %	25,16 %
Innskuddsmargin hittil i år	-0,09 %	-0,10 %	-0,06 %
Utlånsmargin hittil i år	2,33 %	2,32 %	2,32 %
Netto rentemargin hittil i år	1,69 %	1,72 %	1,72 %
Egenkapitalavkastning ¹	5,57 %	5,35 %	6,30 %
¹ Basert på totalresultat, egenkapitalen er justert for hybridkapital			
Balanse			
Andel av utlån til BM av totale utlån på balansen	21,76 %	22,09 %	22,65 %
Andel lån overført til EBK - kun PM	25,97 %	22,32 %	24,82 %
Innskuddsdekning	82,45 %	84,13 %	82,20 %
Innskuddsvekst (12mnd)	4,50 %	4,16 %	6,34 %
Utlånsvekst (12 mnd)	6,63 %	6,06 %	3,61 %
Utlånsvekst inkl. EBK (12 mnd)	11,03 %	8,25 %	8,50 %
Gjennomsnittlig forvaltningskapital (GFK)	2.994.957	2.809.274	2.900.603
Gjennomsnittlig forvaltningskapital (GFK) inkl. EBK	3.683.359	3.322.970	3.459.761
Nedskrivninger på utlån og mislighold			
Resultatførte tap i % av gjennomsnittlig brutto utlån	0,12 %	0,24 %	0,54 %
Tapsavsetninger i % av brutto utlån	0,21 %	0,41 %	0,21 %
Nøkkeltall er annualisert der annet ikke er spesifisert			
	2021	2020	2020
Soliditet¹			
Ren kjernekapitaldekkning	17,46 %	18,65 %	18,21 %
Kjernekapitaldekkning	17,70 %	18,87 %	18,41 %
Kapitaldekkning	20,09 %	20,92 %	20,85 %
Uvektet kjernekapitalandel	8,39 %	8,54 %	9,04 %
¹ Inklusiv konsolidering av sambeidsgrupper			
Likviditet			
LCR	186	151	174
NSFR	144	143	138

Notar

NOTE 1 – Generell informasjon

Ørskog Sparebank vart skipa i 1857. Banken tilbyr innskot, utlån og betalingsformidling samt tilhøyrande banktenester for personmarknaden Noreg og for bedriftsmarknaden på indre Sunnmøre og kring Ålesund.

Bankens hovudkontor har besøksadresse 6240 Ørskog .

Banken har notert obligasjonskjeld på Nordic ABM på Oslo børs. Banken har ikkje utsendt fondsobligasjoner eller eigenkapitalbevis.

Denne regnskapsrapporten gjelder frå 01.januar til 30.juni 2021. Rekneskapen er presentert i norske kroner, og alle tal er vist i heile tusen, om ikkje anna er oppgitt.

Rekneskapen for 2. kvartal 2021 ble godkjend av styret 12.08 2021.

NOTE 2 – Rekneskapsprinsipp

Delårsrapport pr. 30. juni 2021 er utarbeidt i samsvar med IAS 34 delårsrapportering og årsrekneskapsforskrifta. Delårsrapporten skal lesast med relasjon til siste årsrapport pr 31.12.2020.

Delårsregnskapet er ikkje revidert og overskotet hittil i år er ikkje inkludert i soliditets berekninga.

Dei same rekneskapsprinsipp og berekningar er følgt i delårsregnskapet som i siste årsregnskap, med unntak av IFRS 16 samt ny misleghaldsdefinisjon i IFRS 9 som begge er tatt i bruk frå og med 2021. Desse er nærmare forklart under

Ein viser til årsrapporten for 2020 for ytterlegare beskriving av IFRS 9 og øvrige rekneskapsprinsipp.

Ny misleghalddefinisjon

Frå og med 1.1.2021 ble ny definisjon av misleghald innført, det følger av disse reglene at en kunde vil bli klassifisert som misligholdt dersom minst et av følgande kriteria er oppfylt:

- Kunden har et overtrekk som både overstig ein relativ- og absolutt grense i meir enn 90 samanhengande dagar. For både PM- og BM-kundar er den relative grensa lik 1% av kundens samla eksponeringar.
 - For PM-kundar er den absolute grensa lik 1.000 kroner
 - For BM-kundar er den absolute grensa lik 2.000 kroner
- Det er vurdert som sannsynleg at kunden ikkje vil kunne innfri sine plikter overfor banken (unlikely to pay – UTP).
- Kunden er smitta av en annan kunde som er i misleghald i høve til de to første kriteria nemnt over.

IFRS 16

Standarden gjelder alle leigeavtalar og trådde i kraft 1. januar 2019. I forbindelse med overgangen til IFRS frå 1. januar 2020 kunne dei unoterte bankane unnlate å anvende IFRS 16 for regnskapsåret 2020 i høve til forskrift om årsregnskap for banker, kreditforetak og finansieringsforetak. Difor implementerte banken IFRS 16 fra 1. januar 2021. Ved implementeringa av IFRS 16 blir leigepliktelsen rekna til noverdien av framtidige leigebetalingar og bruksrettseigedelen sett lik leigepliktelsen.

For leigeavtalar som blir sett i verk etter implementeringa 1. januar 2021 vil bruksretteigendelen målt til anskaffingskost. I etterfølgjande periodar vil leigepliktelsen blir auka for å gjenspeile renta mens utførte leigebetalingar reduserer balanseført verdi av leigepliktelsen. Rentene blir innrekna i resultatregnskapet som rentekostnader. Bruksretteigendelen blir avskrivne over leigeperioden. Det er leige av banken sitt kontor på Moa som vart balanseført ved innføring av IFRS 16 1. januar 2021.

Banken har vurdert å nytte følgjande prinsippval i standarden:

- Unntak for leigeavtalar med låg verdi og unntak for leigeavtalar med kort tidshorisont (Kortsiktige leigeavtalar under 12 månader). Leigebetalingane blir då innrekna som ein kostnad lineært over leigeperioden.
- Unntak for endring av samanliknbare tall ved overgang til IFRS 16.

Bruksretteigendelen er presentert saman med øvrige driftsmiddel/anleggsmiddel i balanseoppstillinga. Legeforpliktsen er presentert på linje for annan gjeld. Implementering av IFRS 16 har ikkje hatt innvirkning på banken sin eigenkapital per 1. januar 2021. Bruksretten er tildelt en risikovekt på 100 prosent, og verkinga på rein kjernekapital var uvesentleg ved implementering.

NOTE 3 – Dotterselskap / Tilknytta selskap

Sjøholt Næringsbygg er et 100 % eid dotterselskap og er et reint eigedomsføretak. Det vart i 2020 gjennomført kapitalutviding, emisjon og konvertering av gjeld til aksjar i selskapet. Transaksjonane er gjort for å ta vare på verdien som ligg i ein langsiktig leigeavtale med Ålesund kommune. I første halvår 2021 har banken solgt 30 000 aksjar og eig no 73,91% av aksjane i selskapet. Banken har ikkje intensjon om å vere langsiktig eigar i eigendommen.

NOTE 4 – Transaksjonar med nærståande partar

Innskot og utlån, samt transaksjonar mellom nærståande har same vilkår som overfor ekstern tredjepart.

30.06.2021	
Renteinntekter	1106

Balansepster

Eiendeler:

Utlån	42.404
Ubenyttet kreditt	0
Garantier	0

Gjeld:

Innskudd fra kunder	2.459
Kortsiktig gjeld	0

NOTE 5 – Kredittforringa engasjement

Mislighold over 90 dager

	2. kvartal	2. kvartal	Året
	2021	2020	2020
Brutto misligholdte engasjement - personmarkedet	6.721	4.501	7.891
Brutto misligholdte engasjement - bedriftsmarkedet	4.138	9.374	4.449
Nedskrivninger i steg 3	-952	-4.369	-849
Netto misligholdte engasjementer	9.907	9.506	11.491


Andre kredittforringede

	2. kvartal	2. kvartal	Året
	2021	2020	2020
Brutto andre kredittforringede engasjement - personmarkedet	12.684	4.003	11.430
Brutto andre kredittforringede engasjement - bedriftsmarkedet	13.296	10.633	7.760
Nedskrivninger i steg 3	-1.999	-2.500	-350
Netto andre kredittforringede engasjement	23.981	12.136	18.840

NOTE 6 – Fordeling utlån kundar

Utlån til kunder fordelt på sektorer og næringer

	2. kvartal 2021	2. kvartal 2020	Året 2020
Landbruk	33.092	22.241	27.974
Industri	21.913	23.214	22.190
Bygg, anlegg	75.242	77.975	75.698
Varehandel	74.223	71.894	79.532
Transport	9.422	11.016	9.857
Eiendomsdrift etc	311.877	283.635	307.271
Annен næring	46.978	55.194	52.959
Sum næring	572.747	545.170	575.481
Personkunder	2.058.990	1.922.915	1.967.826
Brutto utlån	2.631.737	2.468.085	2.543.307
Steg 1 nedskrivninger	-1.628	-506	-2.677
Steg 2 nedskrivninger	-1.140	-2.691	-1.352
Steg 3 nedskrivninger	-2.852	-6.869	-1.199
Netto utlån til kunder	2.626.118	2.458.020	2.538.079
Utlån formidlet via Eika Boligkreditt (EBK)	722.183	552.611	649.377
Totale utlån inkl. porteføljen i EBK	3.348.301	3.010.631	3.187.456



NOTE 7 – Nedskrivninger

Etter IFRS 9 er banken sine utlån til kundar, unytta kredittar og garantiar gruppert i tre steg basert på sannsynlegheita for misleghald (PD) på innrekningstidpunktet samanlikna med sannsynlegheit fort misleghald på balansedagen. Fordeling mellom steg blir gjort for det enkelte lån eller engasjement.

Tabellane under spesifiserer endringar i nedskrivinger og brutto balanseførte utlån, garantiar og unytta kredittar for kvart steg, og inkluderer følgjande element:

Overføring mellom steg som skuldast endring i kreditrisiko, fra 12 månaders venta kredittap i steg 1 til kredittap over venta levetid i steg 2 og steg 3.

- Overføring mellom steg som skuldast endring i kreditrisiko, fra 12 månaders forventa kredittap i steg 1 til kredittap over forventa levetid i steg 2 og steg 3.
- Auke i nedskrivinger ved utsending av nye utlån, unytta kredittar og garantiar.
- Reduksjon i nedskrivinger ved frårekning av utlån, unytta kredittar og garantiar.
- Auke eller minkinga i nedskrivninger som skuldast endringar i inputvariabler, andre føresetnader, makroøkonomiske føresetnader og effekten av diskontering.

30.06.2021	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivninger på utlån til kunder - personmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivinger pr. 01.01.2021	312	326	650	1.288
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	6	-32	0	-26
Overføringer til steg 2	-3	185	0	182
Overføringer til steg 3	-10	-3	295	282
Endringer som følge av nye eller økte utlån	14	3	389	406
Utlån som er fraregnet i perioden	-24	-26	-295	-345
Konstaterte tap			-5	-5
Endret eksponering eller endringer i modell eller risikoparametre	-214	-68	0	-282
Andre justeringer	34	-92	0	-58
Nedskrivinger personmarkedet pr. 30.06.2021	115	292	1.034	1.441

30.06.2021	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kunder - personmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2021	1.906.945	41.559	19.321	1.967.826
Overføringer mellom steg:				0
Overføringer til steg 1	11.142	-7.910	-3.232	0
Overføringer til steg 2	-14.854	17.694	-2.841	0
Overføringer til steg 3	-10.581	-67	10.648	0
Nye utlån utbetal	298.821	12	0	298.833
Utlån som er fraregnet i perioden	-199.137	-4.039	-4.442	-207.618
Konstaterte tap			-50	-50
Brutto utlån til personmarkedet pr. 30.06.2021	1.992.336	47.250	19.405	2.058.990

30.06.2021	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivninger på utlån til kunder - bedriftsmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivinger pr. 01.01.2021	2.365	1.026	549	3.940
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	86	-370	0	-284
Overføringer til steg 2	-37	463	0	427
Overføringer til steg 3	-18	-170	1.081	893
Endringer som følge av nye eller økte utlån	361	9	736	1.106
Utlån som er fraregnet i perioden	-56	-16	0	-73
Konstaterte tap			-549	-549
Endret eksponering eller endringer i modell eller risikoparametre	-117	-100	0	-217
Andre justeringer	-1.070	5	0	-1.065
Nedskrivinger bedriftsmarkedet pr. 30.06.2021	1.513	847	1.817	4.178

30.06.2021	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån til kunder - bedriftsmarkedet				
Brutto utlån pr. 01.01.2021	477.876	86.006	11.598	575.480
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	37.076	-36.506	-570	0
Overføringer til steg 2	-20.826	23.894	-3.068	0
Overføringer til steg 3	-3.493	-7.011	10.504	0
Nye utlån utbetal	35.530	301	0	35.831
Utlån som er fraregnet i perioden	-31.477	-3.993	-1.899	-37.368
Konstaterte tap			-1.196	-1.196
Brutto utlån til bedriftsmarkedet pr. 30.06.2021	494.688	62.690	15.369	572.747

30.06.2021	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivninger på ubenyttede kreditter og garantier				
Nedskrivninger pr. 01.01.2021	57	122	0	179
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	7	-22	0	-15
Overføringer til steg 2	-5	33	0	28
Overføringer til steg 3	-10	-50	98	38
Endringer som følge av nye eller økte ubenyttede kreditter og garantier	13	1	1	15
Nedskrivninger på ubenyttede kreditter og garantier som er fraregnet i periode	-23	-7	0	-30
Endret eksponering eller endringer i modell eller risikoparametre	-11	-14	0	-25
Andre justeringer	5	4	0	8
Nedskrivninger pr. 30.06.2021	32	66	99	198

30.06.2021	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Ubenyttede kreditter og garantier				
Brutto balanseførte engasjement pr. 01.01.2021	138.338	37.222	611	176.171
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	1.619	-1.592	-28	0
Overføringer til steg 2	-1.571	1.571	-345	-345
Overføringer til steg 3	-558	-345	587	-316
Nye/endrede ubenyttede kreditter og garantier	29.042	0	0	29.042
Engasjement som er fraregnet i perioden	-24.532	-5.856	1.240	-29.148
Brutto balanseførte engasjement pr. 30.06.2021	142.338	31.001	2.066	175.404

Individuelle nedskrivninger på utlån og garantier	30.06.2021	30.06.2020
Individuelle nedskrivninger ved begynnelsen av perioden	1.198	20.869
Økte individuelle nedskrivninger i perioden	98	
Nye individuelle nedskrivninger i perioden	2.404	
Tilbakeføring av individuelle nedskrivninger fra tidligere perioder	-300	-1.815
Konstaterte tap på lån som tidligere er nedskrevet	-548	-12.185
Individuelle nedskrivninger ved slutten av perioden	2.852	6.869

Resultatførte tap på utlån, kreditter og garantier	30.06.2021	30.06.2020	31.12.2020
Endring i perioden i steg 3 på utlån	1.735	-11.706	-14.951
Endring i perioden i steg 3 på garantier	-4	-46	35
Endring i perioden i forventet tap steg 1 og 2	-1.339	624	1.484
Konstaterte tap i perioden der det tidligere er foretatt nedskrivinger i steg 3	1.202	12.185	17.616
Konstaterte tap i perioden der der ikke er foretatt nedskrivinger i steg 3	45	44	0
Periodens inngang på tidligere perioders nedskrivinger	-71	1.816	0
Periodens renter på lån med tapsavsetning	-16		-875
Tapskostnader i perioden	1.552	2.917	3.309

NOTE 8 –Verdipapir

30.06.2021				Sum
Verdettingshierarki for verdipapirer, til virkelig verdi.	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Totalt
Obligasjoner til virkelig verdi over resultatet		266.724		266.724
Aksjer og andeler til virkelig verdi over resultatet		53	10.271	10.324
Aksjer til virkelig verdi over andre inntekter og kostnader			52.830	52.830
Sum	-	266.777	63.101	329.878

Avstemming av nivå 3	Virkelig verdi over andre kostnader og inntekter	Virkelig verdi over resultatet	
		NIVÅ 1	NIVÅ 2
Inngående balanse 01.01		46.952	28.357
Realisert gevinst/tap			
Urealisert gevinst/tap ført mot resultatet			(76)
Urealisert gevinst/tap ført mot utvidet resultat		(2.181)	
Investering		8.059	185
Salg			(18.194)
Utgående balanse		52.830	10.271

Verkeleg verdimåling og -opplysningar klassifisert etter nivå

Verdettingsnivå tyder verdettingsmetoden som er nytta for å fastsette verkeleg verdi.

I Nivå 1 er verdien fastsett ut fra kvoterte priser i aktive marknader.

I nivå 2 er verdien utleda frå kvoterte prisar, eller marknadsverdiar.

Nivå 3 er verdiar som ikkje er basert på observerbare marknadsdata. Verdettingsa av Eika Boligkreditt AS er basert på vurdering av eigenkapitalen i selskapet. Verdettingsa av Eika Gruppen AS tar utgangspunkt i ei verdivurdering av dei einskilde selskapa i gruppa, og ein samla verdi for konsernet totalt, basert på relevante verdettingsmetoder. Denne verdivurdering blir halden opp imot sist kjente emisjons- og/eller omsettingskurs, sett i høve av banken sine eigne vurderingar av hendingar frem til balansedagen.

30.06.2020				Sum
Verdettingshierarki for verdipapirer, til virkelig verdi.	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Totalt
Obligasjoner til virkelig verdi over resultatet		220.400		220.400
Aksjer og andeler til virkelig verdi over resultatet		15.143	13.865	29.008
Aksjer til virkelig verdi over andre inntekter og kostnader			43.209	43.209
Sum	-	235.544	57.074	292.618

Avstemming av nivå 3	Virkelig verdi over andre kostnader og inntekter	Virkelig verdi over	
		NIVÅ 1	NIVÅ 2
Inngående balanse 01.01		43.120	1.723
Realisert gevinst/tap			
Urealisert gevinst/tap ført mot resultatet			642
Urealisert gevinst/tap ført mot utvidet resultat		(1.752)	
Investering		1.895	11.500
Salg			(54)
Utgående balanse		43.209	13.865

NOTE 9 –Verdipapirgjeld

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydende	Bokført verdi			Rente-vilkår
				30.06.2021	30.06.2020	31.12.2020	
Sertifikat- og obligasjonslån							
N00010777899	03.11.2016	03.11.2020	50.000		50.144		3m Nibor + 115 bp
N00010791403	26.04.2017	26.04.2021	50.000		50.152	50.120	3m Nibor + 95 bp
N00010797517	15.06.2017	15.06.2022	50.000	50.028	50.063	50.033	3m Nibor + 104 bp
N00010808637	18.10.2017	18.10.2021	50.000	50.141	50.196	50.141	3m Nibor + 98 bp
N00010850373	23.04.2019	23.04.2024	50.000	50.113	50.189	50.143	3m Nibor + 87 bp
N00010867419	01.11.2019	01.11.2023	50.000	50.086	50.112	50.087	3m Nibor + 70 bp
N00010932528	18.02.2021	08.05.2026	50.000	50.064			3m Nibor + 70 bp
N00011025751	11.06.2021	11.06.205	50.000	50.022			
Sum gjeld ved utstedelse av verdipapirer				300.454	300.856	250.523	
Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydende	Bokført verdi			Rente-vilkår
				30.06.2021	30.06.2020	31.12.2020	
Ansvarlig lånekapital							
N00010891666	24.08.2020	28.08.2030	40.000	40.079	30.193	40.079	3m Nibor + 185 bp
Sum ansvarlig lånekapital				40.079	30.193	40.079	
Endringer i verdipapirgjeld i perioden				Balanse 31.03.2021	Emitert	Forfalt/ innløst	Balanse 30.06.2021
Obligasjonsgjeld				273.576	50.000	-23.000	-122
Sum gjeld stiftet ved utstedelse av verdipapirer				273.576	50.000	-23.000	-122
Ansvarlige lån				40.087	0	0	-8
Sum ansvarlig lån og fondsobligasjoner				40.087	0	0	-8

NOTE 10 –Kapitaldekning

Kapitaldekning	2. kvartal		2. kvartal		Året
	30.06.2021	30.06.2020	30.06.2020	31.12.2020	
Sparebankens fond	326.542		308.804		326.542
Fond for urealiserte gevinst	9.483		7.503		9.483
Sum egenkapital	336.025		316.308		336.025
Fradrag for forsvarlig verdsetting	-330		0		-297
Fradrag i ren kjernekapital	-26.856		-18.589		-23.886
Ren kjernekapital	308.839		297.718		311.842
Sum kjernekapital	308.839		297.718		311.842
Ansvarlig lånekapital	40.000		30.000		40.000
Sum tilleggskapital	40.000		30.000		40.000
Netto ansvarlig kapital	348.839		327.718		351.842

	30.06.2021	30.06.2020	31.12.2020
Eksponeringskategori (vektet verdi)			
Lokal regional myndighet	7.821	4.038	4.220
Institusjoner	2.874	6.475	6.487
Foretak	79.944	97.279	79.366
Pantsikkerhet eiendom	1.147.720	1.076.740	1.156.396
Forfalte engasjementer	42.547	13.748	13.408
Høyrisiko engasjementer	74.295	311	64.064
Obligasjoner med fortrinnsrett	18.233	16.705	16.707
Fordring på institusjoner og foretak med kortsiktig rating	8.853	14.344	11.722
Andeler verdipapirfond	0	4.376	4.395
Egenkapitalposisjoner	42.089	43.210	42.139
Øvrige engasjementer	93.878	88.255	89.415
CVA-tillegg	12	51	45
Sum beregningsgrunnlag for kreditrisiko	1.518.266	1.365.533	1.488.365
Beregningssgrunnlag fra operasjonell risiko	121.695	112.499	121.695
Beregningssgrunnlag	1.639.962	1.478.031	1.610.060
Kapitaldekning i %	21,27 %	22,17 %	21,85 %
Kjernekapitaldekning	18,83 %	20,14 %	19,37 %
Ren kjernekapitaldekning i %	18,83 %	20,14 %	19,37 %

Konsolidering av samarbeidande grupper:

Frå 01.01.2018 skal alle banker rapportere kapitaldekning konsolidert med eigardelane i samarbeidsgrupper. Banken har ein eigardel på 0,32 % i Eika Gruppen AS og på 0,73 % i Eika Boligkreditt AS.

	30.06.2021	30.06.2020	31.12.2020
Ren kjernekapital	334.078	314.221	333.224
Kjernekapital	338.587	317.852	336.856
Ansvarlig kapital	384.269	352.427	381.432
Beregningssgrunnlag	1.913.100	1.684.499	1.829.428
Kapitaldekning i %	20,09 %	20,92 %	20,85 %
Kjernekapitaldekning	17,70 %	18,87 %	18,41 %
Ren kjernekapitaldekning i %	17,46 %	18,65 %	18,21 %
Uvektet kjernekapitalandel i %	8,39 %	8,54 %	9,04 %

NOTE 11 –Hendingar etter balansedagen

Det har ikkje vore hendingar etter utløpet av perioda som har ført til justeringar av, eller tilleggsopplysningar i rekneskapen eller i noter til rekneskapen.